

HOLMGANG

BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER

Nr. 1

10. Januar 1998

Årgang 26

ÅRSMELDING 1997

for
BONDEUNGDOMSLAGET
i
STAVANGER

Skipa 21. september 1900

- Bondeungdomslaget** er medlem av Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag gjennom fylkeslaga, og Norske Lagsbruk (Tidlegare LBS).
- Bondeungdomslaget** eig lagshuset i Rektor Oldensgt. 17, og lagshytta på Giljastølen.
- Bondeungdomslaget** har desse særлага:
- Leikarringen
 - Teaterlaget «Timian»
 - Barnelaget (dans og teater)
- I tillegg har me hatt desse gruppene:
- BUL-veteranane
 - PUH-gruppa
 - Ungdomsteatergruppa
- Bondeungdomslaget** sitt lagsbruksstyre forvaltar eiga og står for drifta av eigedomane.
- Bondeungdomslaget** har dette året hatt desse nemndene:
- Studienemnda** organiserer kursverksemda i laget.
 - Hytte- og turnemnda** står for drifta av hytta.
 - Redaksjonsnemnda** gir ut lagsbladet «Holmgang»
 - Hovudnemnd for **Brukskunstmessa**

HOLMGANG

Redaktør:

Thorvild Berntsen

Redaksjonsmedlemer:

Gunn Thelin Knutsen

Hilde Birgitte Løknes

Barbro Vanvik

Fred Jensen

Utgjevar:

Bondeungdomslaget

Trykk:

Bondeungdomslaget

Gode medlemer.

Dette nummeret som kjem her er i grunnen eit ekstranummer av «Holmgang» som lagsstyret sender ut. Dette nummeret omfattar innkalling til årsmøte med sakliste, og årsmeldingar frå hovudlaget, særslag og nemnder.

Sjølve innkallinga til årsmøtet som i år er onsdag 4. februar, sto òg i «Holmgang» nr. 5 - 97 så alle medlemene er varsla i god tid.

Årsmøtet er det høgste organet i laget. Alle over 14 år og som har betalt medlemspengar for 1997 har røysterett på årsmøtet. Årsmøtet er vedtaksført når minst 1/10 av medlemene er tilstades, men likevel aldri mindre enn 20 medlemer.

Med 220 medlemer, må me difor vera minst 22 medlemer tilstades. Difor oppmodar me alle medlemer til å koma på årsmøtet. Dette året vert eit spanade år på mange måtar. Etter eit heilt samanhengande driftsår, sit me no med meir erfaring i korleis me skal kunne drive huset vårt, og det er mange aktivitetar me sjølve òg kan fylla huset med. Det vert òg ei spanande og ikkje minst inspirerande utfordring for dei som no tek på seg eit verv i eit eller anna styre i laget. Kan alle saman vere med på å dra lasset etter beste evne, skal det nok gå bra.

De vil òg finne vedlagt innbetalingskort for medlemspengane for 1998. Kasseraren vår har ei bøn til dykk alle:

Kan de vere så gilde å betale desse snarast råd, og ikkje seinare en 1. mars? For kvar purring me må sende ut, vert det ei uturvande utgift som berre postverket tener på.

Med helsing lagsstyret.

INNKALLING TIL ÅRSMØTE
ONSDAG 4. FEBRUAR KL. 19:00
I REKTOR OLDENSGT. 17

SAKLISTE:

1. Opning
2. Godkjenning av innkallinga
3. Godkjenning av saklista
4. Val av 2 ordstyrarar
5. Val av 2 møteskrivarar
6. Val av to til å skrive under møteprotokoll
7. Val av teljenemnd
8. Årsmeldingar:
 - Hovudlaget
 - Særlaga og nemnder
 - Lagsbruket
9. Rekneskap
 - Hovedlaget
 - Særlaga og nemnder
 - Lagsbruket
10. Arbeidsprogram for 1998
11. Årspengar for 1999
12. Budsjett for 1998
13. Val i samsvar med lagslovene.
 - Lagsleiar og AU-medlemer
 - Leiar og medlemer i studienemnda
 - Leiar og medlemer i lagsbruksstyret
 - Leiar og styremedl. i leikarringen
 - Leiar og styremedl. i barnelaget
 - Leiar og styremedl. i teaterlaget
 - Leiar og medlemer i hytte- og turnemnda
 - Redaktør og red.medl. i «Holmgang»
 - Ettersynsfolk
 - Valnemnd for årsmøtet i 1999
 - Utsendingar til årsmøta i RU og RM
 - Utsendingar til årsmøta i NU og NM

Årsmelding for Hovudlaget:

Styret har hatt denne samansetjinga:

Arbeidsutvalet:

Leiar: Ingvild Seland
Nestleiar:
Skrivar: Jan Finjord
Kasserar: Audun Aarflot
1. varamedl. Audun Rosland
2. varamedl. Gunn-Thelin Knutsen

Øvrige styremedlemer:

Jarmund Harestad (leikarringen)
Ingrid Skåtun (teaterlaget)
Malvin Johnsen (lagsbruket)
Tove Grødem Johnsen (Studienemnda)
Berit Sæle (barnelaget)
Thorvild L. Berntsen (Holmgang)

Arbeidsutvalet har hatt 27 møte og handsama 91 saker. Finn Hesby som vart vald inn i AU på siste årsmøtet, hadde ikkje sagt ja til å vera med i AU, og møtte såleis ikkje på møta. Audun Rosland har såleis fungert som fast medlem av AU dette året..

Styret har hatt 12 møte og handsama 44 saker.

Medlemstalet for 1997 er 130 (101) barnemedlemer (3 - 14 år), og 220 (220) vaksne. Tala i parantes er for 1996. Av dei vaksne medlemene er det 22 som er med i PUH-gruppa vår, og 25 stk. i alderen 15 - 26 år.

Heidersmedlemer: Ole Johannessen

Fyrste heile arbeidsåret i det nye huset er nå over, og det ser ut til at alle har funne seg vel tilrette. Mykje av energien og omtanken i styrearbeidet dette året har gått på huset og husøkonomien. Korleis skal huset drivast for å få økonomien til å gå «ihop»? Heile styret var med på ein idédugnad saman med lagsbruksstyret og Norske Lagsbruk på Bersagel i slutten av januar der det vart drøfta driftsmåtar og marknadsføring av huset.

Fyrst i oktober hadde styret og lagsbruksstyret eit møte med Stavanger kommune for å presentera huset og laget for dei. Her la vi stor vekt på å få fram den store breidda i aktivitetane våre, og peika på huset som eit kulturhus i ein bydel der kommunen sjølv ikkje har bydelshus.

Det nye huset har fått namn dette året: «**Siddis-stova kultur- og møtesenter**». Namnet vart feira med namnefest 11. april. Festen var òg ein dugnasfest til inntekt for huset.

14. september vart det halde eit internt organisasjonskurs for alle tillitsvalde i BUL på lagshytta på Giljastølen. Anne Marie Nerby frå NU-styret og Audun Steinnes frå NM-styret var også tilstades for å snakka om «moder-organisasjonane» våre.

26. - 28. september hadde Noregs Ungdomslag lagt si store kurshelg til Stavanger og Siddis-stova med organisasjonskurs, bunadsseminar og instruktørsamling i folkedans med ca. 100 tilreisande. BUL var teknisk arrangør og laga til leikfest laurdagskvelden (også årsfest for BUL). På denne festen hadde me også besøk av ei teatergruppe samansett av ungdomar frå Hemsedal og frå Nicaragua. Desse viste eit kulturhistorisk spel dei hadde laga i fellesskap. - Ein treng ikkje ha eit felles språk for å kunna spele godt teater saman!

Brukskunstmesse 18. og 19. oktober vart eit vellukka tiltak. Mange folk var innom desse dagane, og utstillarane var også nøgde med utstillingslokalet og med mykje nytt publikum. Totalt tente laget ca. Kr. 50.000,- netto denne helga. Dato for ny messe neste haust er alt fastsett!

Tilskipingar, møte og festar.

29. januar	Årsmøte.
7. - 8. februar	Stavangerkappleiken saman med Vibå
7. mars	Bygdedanskveld saman med Vibå
19. mars	Framhald av årsmøte
11. april	Namnefest for Siddis-stova (dugnadsfest til husdrifta)
23.6.	Jonsokfeiring ved Stokkavatnet. Dette hadde me isaman med Stokka menighet, eit vellukka arrangement.
27. september	Årsfest/leikest i samband med NU-storkurs
18. - 19. okt.	Brukskunstmesse
22. november	Haufest for PUH grupper i området. I samarbeid med Stavanger kommune.
27.12.	Romjulsdans.

Ellers har leikarringen hatt folkedanskveldar om søndagane, og barnelaget nokre festar. Om desse står det meir i årsmeldingane frå særлага.

Utsendingar:

Årsmøtet i Rogaland Ungdomslag:	Ingvild Seland Olav Kvig	Anne Marie Nerby Berit Fuglestad
Omfram årsmøte i Rog. Ul:	Ingvild Seland Audun Aarflot	Anne Marie Nerby Jan Finjord
Årsmøtet i Rogaland Mållag:	Audun Aarflot	
Årsmøtet i Noregs Ungdomslag:	Ingrid Skåtun	
Årsmøtet i Noregs Mållag:	Ingen	

Leiaropplæring:

Storkurs i NU helga 26. - 28. September.

Folkedans:	Odd Svendsen Hilde E. Løknes Anne Nordbø Nymark Malvin Johnsen	Marit Svendsen Hilde Birgitte E. Løknes Anne Møll
Organisasjon:	Tove Grødem Johnsen	Audun Aarflot
Bunadseminar:	Daghild Håvardsholm Eli Olsen	Ragnhild Ødegård

Verv i andre nærskyldde lag:

Rogaland Ungdomslag:

Skrivar: Barbro Vanvik
2. varamedl.: Eli Olsen
3. varamedl.: Inger Marie Kjellevold
Bunadsnemnd Eli Olsen
Ragnhild Ødegaard
Daghild Håvardsholm

Teaternemnd: Inger Marie Kjellevold
Ettersynsfolk: Magne Hope
Oddvin Emmerhoff

Rogaland Mållag:

Ettersynsmenn: Audun Aarflot
Inge Kjøde

Noregs Ungdomslag:

Nestleiar: Anne Marie Nerby
Leiar teaterrådet Kristin Barvik

Årsmelding for Barnelaget.

Styret har vore samansett av: Leiar: Berit Sæle (frå juni)
Linda Tednes Larsen

Det har vore diverse arbeidsmøte i vår. I haust har det vore 2 styremøte pluss ein del telefon møte. Leiaren har dessutan delteke på styremøta i hovudlaget samt på orienteringsmøtet på lagshytta på Giljastølen.

Dette året har totalt 130 (101) vore medlemmer av barnelaget, av desse har 81 vore med i barneleikarringen og 45 i BUL sin barneteaterskole. (I tillegg har 4 barnemedlemmer vore med i Ungdomsteatergruppa)

Barneleikarringane hadde i vår 15 øvingar + 2 ekstra for dei som skulle på stemna. I haust hadde dei 16 øvingar.

Teatergruppene har vore delte inn i to parti, der onsdagspartiet hadde elevar frå forrige året, medan torsdagspartiet vart nystarta etter nyttår. Etter sommaren har gruppene vore fulltallige med ca. 15 barn i kvar (berre ein gut førebels).

Gruppene har hatt kvar sin faste instruktør, ein dramapedagog og ein dansepedagog, og har hatt ulike opplegg for undervisninga. Instruktørane har tett samarbeid og teaterskolen hadde eit opplegg i folketøget på 17. mai, og ei førsteframsyning på foreldrefesten i oktober med stykke henta frå Ajax.

Instruktørar: Barneteaterskole: Randi Bentzen Lode
Kari Elisabet Wathne
To grupper kvar veke (onsd. og torsd.)
Barneleikarring: Marit Svendsen
Anne Nordbø - Marit Kjøde
Hilde E. Løknes - Hilde Birgitte E. Løknes
15 øvingar i vår og 16 i haust.
Spelemann: Jan Knutsen.

Reint fagleg vil dei to ulike arbeidsretningane dans og teater freista bli meir knytta opp mot dei respektive serlaga, leikarringen og teaterlaget Timian. Men alle medlemmer til og med 14 år er i Noregs Ungdomslag definerte som barnemedlemmer, så organisatorisk ligg alle under Barnelaget. Dette bør òg vera naturleg fordi det er mange arrangement som kan (og bør) vera felles, så som ulike familiefestar, avslutningsfestar m.m.

Turar:

30 deltakarar var med på RU-stemna i Førre 30. mai - 1. juni

Kurs:

Marit, Hilde, Hilde Birgitte og Anne var deltakarar på storkurs i NU i september.

Framsyningar og andre tilskipingar:

- Barneaktivitetar + kafédrift under Stavangerkappleiken
- Våravslutning 13. mai
- Oppvisning på Kvadrat 15. mai

- Deltaking i folketoget 17. mai
- Aktivitetar i Litlesalen under Rune Halland-show
- Familiefest søndag 19. okt. etter brukskunstmesse med 150 - 200 personar til stades.
- Hilde Løknes presenterte Barnelaget den 8. november på Kampen sin åpne dag med framsyningar m.m.
- Avslutningsfest 2. desember saman med PUH-gruppa, ca 140 personar tilstades. Servering av risgrøt. gorilla delte ut bananar.

Dugnad:

4 personar frå barnelaget jobba frå kl. 18:00 - 03:00 på julebordet til ELF. Tøff jobb. Den gav barnelaget ei inntekt på kr. 2.000,-. Burde vore minst kr. 3.000,-

Gåver/sponsing:

MEGA-kjeda har sponsa barnelaget med kr. 1.000,- pluss gåver til utlodning, bananar og sjokolade til juletreffesten.

Samvirke med refleksar. Klepp Meieri med viskelær og AGRO med ballongar.

Årsmelding for Leikarringen.

Leikarringen har 1997hatt øvingskveldar på tysdag. 18 kveldar i vår, og 16 kveldar i haust., tilsaman 34 øvingskveldar. Det har vore fellesøvingar med Sandnes og Klepp, 3 i vår og 3 i haust.

Det har vore to opplegg for øvingane. Etter avslutninga av nybyrjar/vidaregåande kurs har øvingane blitt lagt til rette på følgjande måte for å få med nybyrjarar i leikarringen:

Først ein time med øving frå 19 - 20 for dei nye. Frå kl. 20 - 21 fellesøving for nye og "gamle" medlemmer, og frå 21 - 22 den mest avanserte dansinga for dei "gamle".

Resten av øvingane har vore frå 20 - 22.

Leikarringen har 48 betalande medlemmer.

Instruktørar har vore Dag Jostein Nordaker og Anne marie Nerby. Odd Svendsen har instruert i timen for dei nye.

Gaute Hadland har vore fast spelemann. I tillegg har yngre spelekrefter i BUL vore med.

Søndagsdansen:

Leikarringen har arrangert 19 søndagsdansar, 5 i vår og 14 i haust. Musikken på dansane i haust har veksla mellom gamaldans/folkedans og swing.

Musikk til søndagsdansen:

Vibå Spelmannslag

Tri-Firoen

Toradergjengen frå Sandnes.

Jæren Frilynde

Gnagsaaret

Framsyningar:

17. mai: På Rogaland Sjukehus og i Byparken. Deltok i folketoget m/brudepar, spelemann og 3 dansepar.
31. Mai: Framsyning for Posten
28. juni: Framsyning i Sjøhusene i Stavanger, International Work Shop/ESTA konferanse
22. Nov.: Framsyning på Haustfest i BUL for PUH-grupper i Satvanger.

Utsettingar til kurs og møte:

RU-årsmøtet 8. Og 9. Mars på Rennesøy: Olav Kvig og Berit Fuglestad.

Andre tilskipingar:

7. juni: Servering for Luftfartsverket, 20 stilte frå BUL, 17 m/bunad. god inntekt.
10. juni: Sommaravslutning for leikarringen i Siddis-stova. Ca. 60 deltok og kosa seg med reker og dans.
14. juni: Musikkens dag. Vibå spela og leikarringen dansa.
23. juni: Framsyning ved jonsokfeiringa ved Stokkavatnet
8. - 12. juli: Ei stor gruppe frå leikarringen reiste til Vasa på Nordleik.
August?: Framsyning på SAS-hotellet.
Veke 35: Bering av stolar i samband med ENS.
30. aug.: Leikarringen var med og arrangerte konsert med Per Midtstigen. Medarrangør var Folkemusikkarkivet (hovudarrangør) og Vibå som også spela til dans etterpå.
15. nov.: Dansefest med Rune Halland (P4) som discjockey. Gnagsaaret spela gamaldans, og i kjellaren spela Gaute Hadland og Dag Hovda Sture bygdedans. Eige opplegg for borna. Ca. 90 betalande. Fin fest, også for ungane som ikkje ville heim.
9. des.: Juleavslutning i leikarringen. Nybyrjarane var inviterte, ca 95 persomnar til stades. Torleif Hodne las Thorvald Tu og Stavanger Internasjonale Folkedansgruppe hadde framsyning. Dag Jostein Og Anne Marie leia festen på ein glimrande måte. Grautservering. Veldig kjekk fest.

Bunadutleige: (Rapport frå bunadkontakten 1997)

I år har me hatt utleige i alt 55 gonger og utlån til framsyningar i alt 22 gonger, med følgjande fordeling:

	Utleige	Utlån
Herrebunad	23	14
Kvinnebunad	16	5
Krone u/bringesølv	6	2
Brurebunad	1	1
Berre skjorte	9	0
Sum	55	22

Brurebunaden har kun vore utleigd til bunadsutstilling og utlånt til utstillinga på brukskunstmessa i BUL. Krune har vore utlånt til brukskunstmessa og til 17. Mai-toget.

Utført vedlikehald/innkjøp 1996

- Ny (brukt) herrevest, bunad M20
- 1 ny (brukt) kvinneskjorte av lin
- 2 nye herreskjorter av bomull, med lin broderi.
- Nye mansjettknappar og sølvkjede til brurebunad.
- Skifta nye sølvband til kvinnevest, bunad D3 og D4.

Utført vedlikehald/Innkjøp 1997:

- 3 par nye herrestrømper
- 1 par nye bregdaband
- 1 par nye bukseselar
- Nye mansjettknappar og halssølje til herrebunad M20
- Småreparasjonar på krune og sølvbelte
- Skifta strikk i forklær til kvinnebunad D3 og D4
- Sydd om halslinning til herrevest M11
- Sydd nye knapphol i herrevest M11
- Sydd om linningar i 1 stk. herreskjorte utan broderi
- Kjøpt og montert nye linningar til 1 stk. utslitt herreskjorte med broderi
- Skifta "hemper" til knelinning på herrebunad M12
- Sydd ny saum i buksebak på bunad M12

Status desember 1997:

Leikarringen har i alt 5 herrebunader, av desse ein som dukka opp att hausten 1996 etter å ha blitt lagt til sides for reparasjon fleire år tidlegare. I tillegg 3 kvinnebunader, 1 brurebunad og krune med tilfang.

Herreskjorter:

- 2 stk. nye
- 2 stk. i bra stand
- 1 stk. i brukbar stand, men gamal og utan broderi.

Kvinneskjorter:

- 1 stk. ny
- 5 stk. tynnslitne, er framleis brukbare, men bør skiftast.

Herrebunader:

- M11 Slitte "hemper" på knelinningen må skiftast. Heilt utsliten vest bør skiftast
- M12 Noko betre stand, men vesten er sliten.
- M42 Bra stand, men vesten har flekkar som ikkje let seg fjerne, og er av den grunn ikkje bra til utleige.
- M2 Bra stand.
- M20 Bra stand.

Kvinnebunader:

- Bra stand

Brurebunaden:

- Ikkje eigna til utleige. Vesten er utsliten med stygge skjoldar.

- Stakk og forkle i bra stand

Krune m.m.

- Bra stand

Anna:

- Herre strømper, bregdeband og bukseselar i bra stand

Samandrag:

Det er dei siste åra gjort minimalt av reparasjonar eller skifte av slitne deler til bunadane. Dei er no tildels utslitne, og knapt nok eigna til utleige. Ein må difor rekne med større utgifter i tida framover til vedlikehald, og utskifting av bunader. Dette gjeld særleg brurebunaden, men òg fleire av herrebunadane og skjortene.

Forslag til fornying av brurebunaden: Lage 2 nye vestar i ulik storleik, som begge kan brukast med den same stakken.

Bunadutleigar: Hege Dirdal

Styret har i 1997 vore slik samansett:

Leiar:	Jarmund Harestad
Nestleiar:	Hege Dirdal
Skrivar:	Eli Gunveig Vassgård
Kasserar:	Berit Fuglestad
Styremedlem:	Marianne Aske
1. varamedl.	Oddbjørg Stave
2. varamedl.:	Olav Kvig

Styret for leikarringen har halde 7 styremøte. 2 har vore planleggingsmøte der instruktørane, representantar frå musikken og styret i BUL har delteke, og 1 med deltaking av instruktørane.

I tillegg var det eit møte for å planlegge fellesøvingane med Klepp og Sandnes. Her deltok medlemmer frå alle tre laga.

Årsmelding for BUL-veteranane

Det var hausten 1996 at ein del eldre medlemmer i BUL vart samde om å koma saman ein gong i månaden til kaffidrøs og litt «program».

Me har hatt 7 møte i 1997, og det har vore frå 10 - 25 personar på desse møta.

Emne me har hatt: «Ord og uttrykk frå Suldal», «Folk og levemåte i Øygarden kommune omkring 1850», «Slektsgranskning på data», «I Austerveg - lysbilete frå ei ferd til Russland», «Slik var min barndom». Ellers har det vore diskusjonar, opplesing og livleg prat rundt kaffibordet.

Me har ikkje noko styre, men Erling Skurtveit er kontaktmann. Me har kjøpt blomar til Olav Varhaug som vart sjuk for eit år sidan. Nokon av oss har òg vitja han på sjukehus og sjukeheim i det året som gjekk.

Årsmelding frå studienemnda.



Studienemnda 1997:

Leiar: Tove Grøden Johnsen
Anna Motland
Gunnleiv Sande (Jarle Mjølnes trakk seg like etter valet).

Gjennomførte studietiltak våren 97:

Vidareg. kurs i folkedans.	32	Torader, vidaregåande	9
Telespringar, helgekurs	22	Lefsebaking	11
Treskjering	8	Saum av stakk til kvardagsbunad	17
Saum av bunadskjorte utan broderi	9		

Alle desse kursa gjekk med overskot.

Andre aktivitetar som vart innmelde som kurs i NU:

PUH-gruppa	23	Kven veit	13
Timian ungdomsteater	7	Leikarringen	96

Gjennomførte studietiltak hausten 97:

Gamaldans for nybyrjarar, kurs 1	24	Gamaldans for nybyrjarar, kurs 2	26
Oppfylgjingskurs, gamaldans 1	23	Oppfylgjingskurs, gamaldans 2	16
Vestlandsswing, nybyrjarar	32	Vestlandsswing, vidaregåande	23
Telespringar, helgekurs	29	Rørospols, helgekurs	45
Lefsebaking	10	Krotekakebaking for menn	11

Alle kursa gjekk med overskot.

Andre aktivitetar som er innmelde til NU:

PUH-gruppa	20	Timian ungdomsteater	11
Leikarringen	73		

Kurs som er arrangerte av studienemnda totalt i 1997:

17 kurs

347 deltakarar

Studienemnda sine møte har stort sett gått føre seg pr. telefon. Me har ellers hatt to planleggingsmøte, 11. juni og 23. november. Til desse møta har me kalla inn instruktørane og styret i leikarringen, og har i samarbeid med desse laga planar for dansekursa det komande halve året. Desse samlingane har vore til god hjelp for studienemnda.

Når det gjeld det eine kurset i gamaldans hausten -97, hadde me 17 jenter og 9 gitar påmelde. Problemet vart løyst av frivilljuge gitar både frå leikarringen og utanfrå. Utan denne hjelpa hadde me ikkje kunna hatt to parallelle kurs i gamaldans, så me takkar for denne hjelpa. Skal me driva kurs og få deltakarane til å trivast, treng me eit støtteapparat rundt oss. Me vonar på fortsatt støtte frå leikarringen sine medlemmer dersom liknande situasjonar skulle oppstå.

Me vil ellers takka instruktørar, leikleiar og kasserar for godt samarbeid med studienemnda.

Helsing frå oss i studienemnda
v/Tove Grødem Johnsen

Årsmelding for teaterlaget «Timian».



Styret i arbeidsåret har vore:

Leiar: Ingrid Skåtun
Kasserar: Wenche Moi
Styremedlem: Jo Overå

Vårhalvåret gjekk med til å øva ferdig «Elskovsdrikken», ein folkekomedie av Stig Bang. Vi hadde premiere i mars (2 framsyningar). I tillegg hadde me 3 framsyningar i april. Rogaland Amatørteaterråd arrangerte teaterfestival på Karmøy ei helg i mars. Der var Timian representert. Vi hadde ei framsyning i Karmøy Kino om laurdagen. Diverre var vi gruppe nr. 2, slik at vi ikkje fekk så mykje publikum, men vi er ei erfaring rikare. Under Stavanger-kapleiken hadde Timian ansvaret for kaféen om laurdagen. Før sommaren blei vi einige om at vi skulle ta eit meir seriøst (alvorleg) stykke. Vi hadde klar instruktør, og skulle finne stykke i løpet av sommaren. Istadenfor skjedde det at instruktøren slutta og ville ikkje meir. Vi fekk Kristin Barvik (Leiar i teaterrådet i NU) til å vera instruktør, og bestemte oss for ein farse av Andreas Markusson, «Kan det være noe hun har spist?» Dette har vi nå lagt på is, då det fall frå ein del medlemer. Dei nye som kom i haust ombestemte seg til jul, og er ikkje med i Timian lenger. På tampen av året sette vi i gang med stykket «Den omskapte brudgommen» av Ludvig Holberg, og planlegg premiere i mars. Tal på medlemer som er aktive pr. 31.12.97 er 8 stk.

Ingrid Skåtun

Årsmelding for Hytte- og turnemnda.

Med i hytte- og turnemnda i 1997:

Leiar: Reidar Sand
Ingvild Seland
Magne Hope
Jone Dirdal

Bruken av hytta på Giljastølen er desverre nokså avhengig av korleis vinteren er. Denne vinteren var det lite snø der oppe og bruken vart ikkje så stor. Vi har ikkje noko nøyaktig tal for overnattingane, men det har nok vore på mellom 15 og 20. Planane om sal av hytta har nok også ført til at engasjementet ikkje har vore så stort dette året, men vi har hatt ein del planar om å få til utleige utanom laget for å skaffa inntekter på hytta.

Ingvild Seland

Årsmelding for PUH-gruppa

PUH-gruppa har i 1997 hatt øving på tysdagskvelden frå kl. 18:00 - 19:30, 16 kveldar om våren og 16 kveldar om hausten. Utanom desse hadde dei som skulle til Nordleik i Vasa 6 øvingskveldar i lag med resten av dansarane (50 stk.) frå Rogaland.

Gruppa tel 23 medlemmer pluss ca. 10 ledsagarar

Instruktørar har vore Anne I. Osmundsen og Anne Møll.

Våren 1997 brukte vi kassettpelar, men vår framifrå spelemann i haust var Harry Monstad .

Arrangement vi har vore med på:

- 15.3. Dansesamling i Sandnes m/framsyning
- 30.5. - 1.6. Fyrfestivalen i Egersund m/framsyning
- 8. - 13.7. 4 brukarar + 4 ledsagarar reiste til Nordleik i Finland i lag med 42 andre frå «Vi kan - Rogaland»
- 22.9. Dansesamling på Tau.
- 22.11. Haustfest i BUL med PUH-grupper frå distriktet, ca 160 tilstades. Eit flott arrangement i samarbeid mellom BUL og Stavanger kommune.
- 2.12. Juleavslutning ilag med barnelaget. Julegraut, kaffi og kaker blei servert, og han «Julius» kom og delte ut bananar. Flott arrangement!
- 13.12. Blei vi tradisjonen tro, inviterte til juleball på Jørpeland.

Årsmelding for «Holmgang»

Medlemene i redaksjonen har i 1997 vore:

Thorvild Lode Berntsen (redaktør)
Fred Jensen
Gunn Thelin Knutsen
Hilde Birgitte E. Løknes
Barbro Vanvik

Med tanke på at Gunn hadde opptil fleire andre tillitsverv, var redaksjonen samd om at ho kunne vera passiv medlem så lenge som mogleg.

«Holmgang» har i 1997 kome ut med 4 vanlege nummer, nr. 2 - 5. Som i fjor var nr. 1 årsmeldinga for BUL, og dette numeret vart laga av arbeidsutvalet. Sidetalet hat variert frå 24 til 28. Av den førre redaksjonen fekk vi overlete eit fotoapparat slik at «Holmgang» no har sitt eige kamera. Folk har vore sers flinke til å kome med innlegg både som tekst og bilete, men av og til kom bidraga lovleg seint i høve til stoff-fristen.

Vi har lagt vekt på å få med informasjon og referat, litt underhaldning har det òg vore plass til. Einskilde lesarar har freista å dra i gang ein diskusjon, serleg om barnelaget sin posisjon i BUL, men ettersom ingen har teke til motmæle i bladet, har det helst berre blitt til kraftige meningsytringar. Kanhende «Holmgang» kjem ut for sjeldan til at ein kan halde ein diskusjon gåande i baldet?

Det har ikkje vore annonser i «Holmgang» i år, fordi redaktøren fekk høve til å kopiere opplaget (som har vore 355 - 370 eksemplar) på jobben utan å betala noko for det. Redaksjonen har så sjølv breitta og stifta bladet ihop. Det har vore ein del arbeid med

dette, men redaksjonen var samd om at det var greidd nok når ein kunne spare gode pengar. Ein kan jo seia at hadde vi i tillegg seld annonseplass, kunne vi gjerne dekt porto og, men der kom latskapen inn. Det hadde nemmeleg vorte enno fleire sider å kopiere og brette.

Redaksjonen har hatt 3 møte i samband med kvart nummer; eit planleggjingsmøte, eit redigeringsmøte og så eit stifte-, brette og adresseklistremøte.

Årsmelding for Lagsbruket

Lagsbruket si samansetjing i 1997 har vore desse:

Leiar:	Malvin Johnsen	
Nestleiar:	Harald Kulander	(pendla til Glasgow i vårhalvåret)
Skrivar:	Målfrid Aanderaa	
Kasserar:	Torstein A. Espedal	
Styremedlem:	Inge Kjøde	(reiste til Kina i haust)

Generelt

Lagsbruket har dette året hatt ordinære styremøte ein gong i veka for å fylja utviklinga i laget, bistå driftsleiar med gjeremål og samkøyra oppgåvene.

Medlemene i lagsbruksstyret har dette året vore prega av mykje hektisk aktivitet i sitt daglege virke, og fleire har såleis hatt lange opphald utanfor heimen, og har ikkje kunne vera aktive i laget heile tida.

Siddis-stova.

Dette er det første heile driftsåret me har hatt i det nye huset. Det skulle vera ei prøvedriftsordning, der ein skulle få erfaring. Ein har vore spent på korleis det ville gå, både økonomisk, funksjonelt og arbeidsmessig. Fordelinga av arbeidet på styremedlemene, driftsleiar og ikkje minst korleis lagsmedlemer støttar Lagsbruket ved større dugnadsarrangement.

Erfaringa ein har fått etter eit års drift er at ein bør leggja om driftsmodellen til meir klare ansvarsområde. Dette er ein i ferd med å gjennomføra. Lagsbruket har laga stillingsinstruksar for alle funksjonar, både for den enkelte i lagsbruksstyret, og for dei som har med utleige og reinhald å gjera, for å få betre oversikt over gjeremål og ansvarsområda ein er sett til å ta vare på.

Lagsbruket overtok frå byggenemnda eit hus som ikkje var heilt ferdig. Dette har sett sitt preg på drifta dette året med mykje ekstraarbeid av ymse slag. Huset fekk namnet sitt på Bergsagel der hovudstyret og påtroppande lagsbruksstyre hadde samling saman med Nils Seland frå LBS, (no Norske Lagsbruk), og Rolf Presberg frå SAMU. På denne samlinga skulle ein prøva å laga til ein driftsmodell/budsjett som skulle vera ei rettesnor for året 1997. (Omtala i «Holmgang» nr. 3 - 97)

Omframt årsmøte.

Onsdag 19. mars vart ny rekneskap godkjend på omframt årsmøte. Vidare vart det

vedteke at lagsbruksstyret fekk fullmakt til å utvida lånekapitalen med Kr. 250.000,- til Kr. 1.000.000,-, samt avhende hytta på Gilja.

Laget har ikkje brukt denne fullmakta fordi ein har klart utgiftene etter kvart, vidare at ein ikkje såg det tilrådeleg å bruka lånt kapital og midlar av hytta til rein drift.

Andelsbrev.

Lagsbruksstyret inviterte òg medlemene til å kjøpa andelar i lagshuset, for på denne måten å styrka eigenkapitalen. Kvar andel skulle lyde på Kr. 300,-. Andelene er å rekne som eit rentefritt lån til Lagsbruket, og skal betalast attende seinast 31. desember år 2002, dersom medlemene krev dette. Lagsbruket såg det slik at kunne medlemene på tilaman 150 til 200 bidratt med kr. 1.000,- kvar, kunne ein få inn Kr. 150.000,- til Kr. 200.000,-. Dette kunne styrka eigenkapitalen slik at me kunne ferdigstillta huset dette året, sleppa å ta opp lån og sleppa å avhende hytta. Oppslutnaden om dette tiltaket har vore sers bra hos nokre få, andre som forventa, og nokre har ikkje støtta i det heile. Kr. 120.000,- er resultatet. Men det har hjelpt laget slik at vi ikkje har trengt å ta opp nytt lån, og det er ikkje for seint å støtta opp, for laget treng di støtte fram til vi får STUI-midlane.

Skytebanen

Det er inngatt leigekontrakt for ein 3-års periode fram til 31.12. 2000 med Stavanger Helsesportslag. Stavanger Helsesportslag sine medlemmer har tilsaman brukt Kr. 50.000,- av eigne midlar til å gjere ferdig skytebana, samt 1000 dugnadstimar. Dette inngår i rekneskapan og vert betalt attende som husleige over ein periode på 3 år. S.H.S.L. har brukt 1997 til innreiing og innskyting. Har du lyst til å prøve deg som skyttar, tek du kontakt med Helsesportlaget.

Branntilsynet.

Lagsbruket har hatt 2 inspeksjonar frå Branntilsynet denne perioden, 23.2. og 29.10. Ut frå rapporten frå Branntilsynet har lagsbrukstyret utarbeida ein handlingsplan med ansvarsområde og sendt denne til Brannsjefen 23.11.97. Kopi er sendt prosjektleiar og byggeleiar. Rapporten inneheld 20 punkt, av desse er 8 ferdige dette året. Resten må utbetrast innan gitte tidsfristar og har ei kostnadsrame på omlag Kr. 80.000,-.

Kontrollar.

Vidare har Lagsbruksstyret arbeidt med å ferdigstillte «Midlertidig brukstillatelse» av huset, datert 09.01.97 frå Stavanger kommune. Rapporten inneheld 29 punkt, og av desse er 18 utførte. For å koma vidare i dette arbeidet, trengst det dokumentasjon frå ansvarleg byggeleiar. Dette dokumentet er også oversendt prosjektleiar og byggeleiar. Kostnadsrama for dette arbeidet ligg på omlag Kr. 10.000,- og må vera ferdig seinast 2. kv. 1998 (1,5 år etter tidsfrist)

HMS

Bondeungdomslaget har status som bedrift og kjem såleis inn under føreskrifta som omhandlar MHS (Helse, Miljø_og Sikkerheit). Det lyder som følgjande:

Som eigar av Siddis-stova er BUL-Stavanger ansvarleg for gjennomføring av Helse, Miljø og Sikkerheitsarbeid i lokala. D.v.s. at føreskrifta om systematisk HMS-arbeid (Internkontrollføreskrifta) er fastsett ved Kgl. resolusjon 6. desember 1996, med

verknad frå 1. januar 1997, og set som krav at den som er ansvarleg for verksemda, har plikt til å sørge for systematisk oppfølging av gjeldande krav fastsett i arbeidsmiljølova, forurensningslova, brann- og eksplosjonslovgjevinga, produktlova, sivilforsvarslova og lov om elektriske anlegg og elektrisk utstyr.

Enkelt kan ein seie det slik:

BUL sin øvste leiar er ansvarleg for at HMS er sett i system, og at det fungerer. Dette er eit krevjande og systematisk arbeid som ein er godt i gang med. Ein har utnemnd brannvernleiar (Harald Kulander) og gjennomført brannvernøvelse, kontrollert naudlysa, rømningsveggar, har hatt vernerunde etc. Dette har ein så dokumentert slik at ved neste kontroll har vi det på plass. Her ligg utfordringa i året som kjem for å gjennomføre dette arbeidet. Harald er også ansvarleg for det tekniske anlegget på huset.

Søknad om midlar.

Det er sendt ny søknad om STUI-midlar til Stavanger kommune. Søknaden vart overlevert Harald Hermansen og Reidun Vevle i Siddis-stova der styret i laget presenterte Heile BUL sin organisasjon og aktivitetane som ein har i laget for kommunen i samband med ein søknad om Miljøtilskot frå Rusmiddeldirektoratet. Dette var i eit samarbeid med Nils Seland frå Norske Lagsbruk som BUL er medlem av. Presentasjonen som alle serlaga gjennomførte av sine aktivitetar vart svært godt motteken, både av kommunen og Nils Seland, for framifrå kulturell innsats. Dei var mektig imponerte.

Ein kopi av søknaden om STUI-midlar er og sendt frå oss direkte til Fylkeskommunen etter ynskje frå Tendfjord ved Fylkeskommunen. Søknaden om midlar frå Rusmiddeldirektoratet er sendt av lagsleiaren Ingvild Seland.

Etter søknad frå laget, mottok laget i desember kr. 20.000,- frå Stavanger kommune. Desse pengane skal nyttast til å innreie og lage til eit minikjøken med opphaldsrom i kjellaren. Lagsbruket har peika på at huset ikkje er i den stand at ein kan leige ut til fleire leigetakarar samstundes. Ved å få ferdig dette romet vert det lettare å ha fleire aktivitetar på ein gong.

Drifta.

Årskontrakter:

Utgifter:	Reinhald	Pro Clean A/S
	Straum	Stavanger Energi
	Forsikring	Ansvar A/S
	Komm. Avgifter	Stavanger kommune
	Drift	Anna Djuvik Kro

Inntekter: Rogaland Fylkeskommune til sommaren 1999 heile huset på dagtid
Stavanger Helsesportlag. Skytebanen (gjeld til år 2001)
Stavanger og Sandnes Swingklubb frå 1.1. 1998 i kjellaren.
Ballettgruppe frå august, i kjellaren
Trim-gruppe frå august, i kjellaren

Utleige generelt: 43 enkle arrangement
6 lag/organisasjonar som har leigd lokalet.

Sidan omframt årsmøte vedtok å endra lova om bruk av rusmidlar i uset, har utleigeaktiviteten teke seg opp, men mange takkar framleis nei fordi vi har røykeforbod. Totalt har ein fått eksterne inntekter på ca. kr. 105.000,- av arrangement av ulike slag på huset i 1997 (i tillegg kjem den faste leiga frå skulen). Av hovudlaget og serlaga er det betalt inn rundt kr. 90.000,- i leige/del av overskot i 1997. Dersom BUL skulle betalt vanleg leige som andre for alle sine aktivitetar, hadde summen vore omlag Kr. 150.000,-. Me kan kome i den situasjon at interne aktivitetar (leigetakarar) måtte vike til fordel for eksterne på grunn av leigeinntektene i tida som kjem.

Anna Djuvik Kro har fungert som driftsleiar dette året, men har diverre sagt opp stillinga si frå 31. desember. Å finna nokon som er viljug til å ta over etter Anna er ikkje noko enkel sak, då ein helst skal vera klar til alle døgnets tider.

For ny tilsetjing tenkjer vi oss ein heilt ny driftsmodell, med klåre arbeidsoppgåver til den/dei som vert tilsett. Vi har tru på at vi skal få til dette innan rimeleg tid. I mellomtida overtek Lagsbruksstyret dei daglege gjeremåla.

Lagsbruket vil takka Anna for framifrå god innsats og samarbeid. Me ynskjer henne lukke til vidare.

Dugnad.

Totalt har 18 BUL-medlemmer utført dugnad for Lagsbruket dette valåret. Det utgjer tilsaman 200 timar. 3 - 4 personar av desse utgjer halvparten av timane, så viljen til dugnad mellom medlemene generelt erheller litan. Det meste fell på lagsbruket sine styremedlemmer som dette året har utført omlag 400 dugnadstimar, fordelt på ca. 25 større aktivitetar av ulikt slag, - registre tre timar.

LBS

eller Norske Lagsbruk som det i dag heiter, er eit samarbeidsorgan for lagshus og forretningsdrift knytta til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Her har Nils Seland sitt daglege virke som leiar, noko som Lagsbruket om styret i BUL forøvrig har hatt stor nytte av i 1997. Det heile starta med ei stor samling på Besagel helga før årsmøtet i 1997, der me prøvde å leggja strategien som skulle vera ei rettesnor for 1997, og som har vore til stor hjelp. Vidare er det gjennom oppmoding frå Nils Seland sendt søknad om «Miljøtilskot» frå Rusmiddeldirektoratet til støtte både til nye og igangsette tilak. Det har òg vore ei god støtte i spørsmål som vedkjem søknaden til STUI, og tiltak og midlar ellers.

Handlingsplan for 1998.

Arbeidsprogrammet for 1998:

1. Marknadsføring av BUL sine lokale.
2. Ha kontakt med fylkeskommunen vedr. STUI-midlane.
3. HMS på plass i verksemda, og gjennomføre ordensreglar.
4. Vidare få gjennomført Branninspeksjonen og og ferdigstillinga frå kommunen.
5. Beise huset ein gong til.
6. Plant i alle bed.
7. Vedlikehald av golva i storsalen og måling av kjellargolva.
8. Benker i dusj-garderobene.
9. Få tak i produktblad.
10. Utbetre stort og lite kjøken med overskap.

For lagsbruksstyret

Malvin Johnsen
Leiar

BLAD I POSTABONNEMENT

B

Returadresse: Bondeungdomslaget, P.b. 451 Madla, 4041 Hafrsfjord